

GUDBRANDSDALEN

slåttar frå Vågå



SLÅTTESPEL I VÅGÅ

FOTO: NORMANN, UTLÅNT AV KJELL ADERSEN



Parti fra Vaage

Frå 1908 vart storkommunen Vågå delt opp i tre, Sel, Heidal og Vågå. Difor har det vore mykje kontakt og kommunikasjon innan dette området, noko som au har sett tydelege merke i slåttemusikken. Blind-Marit frå Nord-Sel, Hans Slettmo og Hans Arneson Vineshaugen frå Heidal er spelmenn som mange slåttar blir knytt til, og særleg blant spelmennene frå Lalm.

Dei eldste spelmennene som er nemnde i samband med leikje, er nok Aslak Holen (1749–1838), ofte kalla Gamel-Holin, frå Skogbygda i Vågå og Ola Sjugurdson Skaar (1773–1863), gjerne kalla Spelmanns-Skårin. Båe var forpaktingspelmenn, altså dei hadde einerett på dansespelning innafor eit visst område samstundes mot å betale ei avgift.

Av neste generasjon er Ola Ringneset (1811–1902) frå baksida mellom Vågåmo og Tessand og Iva Bråtå (1827–1916) frå Lalm særleg sentrale i tradisjonsveven. Ringnesin var kjend som ein parlous dansespelmann og skulle ha mange springleikar på ymse felestyle. Iva Bråtå vart ei hovudkjelde for Ole Mørk Sandvik (1875–1976) i slåtteverket hans frå Gudbrandsdalen, *Folke=musikk i Gudbrandsdalen* (1919).

At slåttemusikken er særleg knytt til slekter, vitnar dette om: Ein onkel til Ola Ringneset var Ole Olsen Ringneset (1789–1876), gjerne kalla Ringnes-Bråtein fordi han kom til Bråtå på Lalm. Han vart bestefar til Ola Bråtå (1844–1923), som var far til Ola Skogheim (1881–1966) og bestefar til Eide-brørne, Ola, Pål og Petter.

Den munnlege tradisjonen fortel at desse Bråtå-spelmennene, som ikkje var i nær slekt, hadde ulik stil og fokus i musikken. Ola var den livate dansespelmannen med enklare former, medan Iva hadde eit meir detaljrikt og inderleg spel. Elles var Iva Bråtå svært påverka av «Loms-spelmennene», dvs Fel-Jakup (1821–1876), Rolv Gaupar og Jo Kjøkje. Dei to sistnemnde var fødde i 1824, og båe reiste åt Amerika. Dette er nok ein grunn til at det er så mange felles slåttar i Lom og Skjåk og i Vågå, og særleg på Lalm.

Ola Toresen Nestgard (1805–1885) var frå Dovre og slo seg ned i Skogbygda i Vågå. Han vart ei viktig kjelde for spelmann i denne delen av bygda. Han vart oldefar til Hans H. Holen.

Vi finn nok mange leikje felles mellom Lalm og den nørdrde delen, det

vil seia dei vestlege grendene, av bygda, til dømes Skogbygda, men utøvarane vi har opptak av, syner noko ulik stil. Raskare og jamnare takt i nord, meir posisjonsspel på Lalm. Ein serie med springleikar blir spelte i tredje og iblant andre posisjon. Når to lét i lag til dans, var det gjerne slik at den eine fela lét «uppe» og den andre «ni». Den same spelmåten blir au kalla grovt og grant, med ein oktav mellom. Elles vil ein leggje merke til at dei eldre spelmennene fargela slåttane med ein gammal tonalitet, høyr berre på spelet til Per Brenden og Ola Eide.

Slåttemusikken speglar au den sosiale rangordninga. I Vågå var det embetsstand ved sida av bondearistokratiet. Det var såkalla stryke-musikk alt frå 1880-åra, og desse muskarane hadde både ein stil og eit repertoar som høvde i den sosiale overklassa, altså ein noko meir klas-sisk prega spelmåte. Ved sida av gamle springleikar, hallingar og marsjar er det såleis ein god del turdansar, til dømes firetur og fandango. Ein spelmann som Iva Bråtå, som kunne notar, hadde ein del ulike tur-dansar og lét på festar i den sosiale overklassa. Med andre ord vart det liksom eit classeskilje i folkemusikken også.



FOTO: UKJENT, UTLÅNT AV HÅRÅLD HÅGÅ.

Per Brenden



FOTO: ROLF MYKLEBUST, NRK

Ola Eide og dottera Borgny Eide Tallerås



FOTO: UKJENT, UTLÅNT AV KNUIT KJØK

Lalm Spelmannslag, ca 1962, etter delinga av Vågåmo spelmannslag

1. rekkje frå venstre: Ola Eide, Anders Bjørkheim og Per Brenden.
2. rekkje frå venstre: Kåre Olderløyken, Rolf Sletten, Pål Sletten, Petter Eide, Knut Olderløyken og Per Bjørkheim.

SPELMENNENE PÅ CD-EN

PER BRENDEN (1886–1963)

Han var frå Brennum på Lalm og livnærde seg som tømrrar og bygning-snekkar. Per byrja å låte på fele alt som åtteåring. Ein fem år eldre bror, Iver, var au spelmann, og dei to brørne kom til å spela mykje i hop til dans i fleire bygder, ikkje minst bryllaup. Fyrste læremeisteren hans var Ola Bråtå, men det vart særleg Iva Bråtå (1827–1916) som vart den store inspiratoren og kjelda hans. Iva kunne ei mengd slåttar, men var ikkje alltid like enkel å lære av. Han hadde ord på seg for å vera nøyte og vrang. Iva heldt for det meste til på setra i Bøneslia, og her var Per med i arbeid i slåttonna mot å lære leikje. Avtala var to slåttar for kvar arbeidsdag. Elles var han nøyte med å kontrollere eleven, noko denne replikken vitnar om: «Du lyt lære å låte leiken rett. Du fæ neiggu ikkje tå utpå bygde og låte gale – og så seia at du har lært'n tå meg».

Likevel var Per tolmogig og fekk lært ei mengd av Iva, særleg spring-leikar, valsar og ymse turdansar. Per var slett ikkje vrang og lærde villig frå seg til yngre, blant desse Skogumsbrørne og Eide-karane. Han er ei hovudkjelde innan slåttespelet i Vågå. Sjølv om Per lét mykje til dans ei tid, var det nok ikkje denne spelsituasjonen han likte best. Spelet hans er meir vart og innovervendt med vekt på detaljar og små variasjonar.

Slik karakteriserer Iver Ryen han i *Årbok for Gudbrandsdalen* (1964): «Musikken gav 'om ei djup glede. Og Per lét utta tankje på vinning. Um 'n va einsleg eller ilag med mange kom for honom ut på eitt. Han let for leikjom si skuld». Ved sida av å vera framifrå spelmann laga han au feler, både til seg sjølv og andre.

Per var med og stifta Vågåmo spelmannslag i 1954 og var ein av instruktørane dei fyrste åra. I 1961 vart laget delt og Per vart da med i det nye laget, Lalm spelmannslag. Han er æresmedlem i Vågå spelmannslaget og i Landslaget for Spelemenn (FolkOrg).

OLA EIDE (1901–1983)


Familien til Eide-brørne, Ola og Petter, kom til Lalm frå Sel i 1905, for faren kjøpte garden Eide. Her voks dei opp i ein syskenflokk på seks. Folkemusikken på Lalm var rik, og Ola og Petter, saman med broren Pål, sette sitt preg på den. Her var mange spelmenn, og bestefaren Ola Bråtå (1844–1923) og onkelen Ola Skogheim (1881–1966) var kjende spelmenn og vart ideal og lærermeistrar for gutane. Seinare vart også Per Brenden (1886–1963) ei viktig slåttekjelde for Eide-brørne. Ola og broren Pål spelte mykje til dans ei tid, og dei hadde også lært seg å

spela med sekundering og andrestemmer. Bestefaren var venn med musikaren Anders Sørensen (1822–1896) og lærte nok å bruke sekundering og andrestemmer av han. Slik arva nok Eide-brørne denne musikkunna.

Ola var ein særmerkt spelmann med stor slåttekunne. Han likte å spela på fleire felestyle. Gjermundhallingen er ein slik slått og er ein av Ola sine slåtte-perler, og mange spelmenn har han som kjelde for denne flotte hallingen. Ola var kjend for sin alderdommelege og sikre tonalitet, og Ola stemte gjerne fela si under vanleg kammertone. Til saman gav dette ein inderleg varm og fargerik klang som var eit kjennemerke for han. Ola var med på mange kappleikar, og han hadde alltid eit variert og godt slåtteval. Ei tid deltok han òg på kappleikar med hardingfele. Ola var og ein dyktig felemakar og var kjent for felene sine i folkemusikkmiljøet. Han laga om lag 200 feler, og fleire av dei blir brukt av spelmenn i dag. Felemakarutstyret til Ola vart utstilt i Jutulheimen bygdamuseum i 2014. For arbeid sitt med folkemusikken var han heidersmedlem i Landslaget for spelemenn (FolkOrg).



Ola Opheim mottok Kongens fortjenestemedalje 1. juli 1983 frå ordførar Sigurd Granrud.



Petter Eide



Hans H. Holen i kjent undervisningssituasjon.



Jakob Skogum og Ola Opheim i NRK studio, 1972. Programleiar Ola Grøsland i midten.

PETTER EIDE (1911–1994)

Petter Eide var 10 år yngre enn broren Ola, og fyrst etter krigen tok han til å bli kjent som spelmann. Nå vart han aktiv både i folkemusikkmiljøet i heimbygda og som spelmann på kappleikar. Petter vann A-klasse for fele på Landskappleiken to gonger, i Bergen 1952 og på Nesbyen i 1961. I 1951 spelte Petter inn slåttar for NRK fyrste gongen, og fram til fyrst på 1980-talet gjorde han vel 100 innspelningar. Han var jamt å høyre i Folkemusikkhalvtimen i radio i denne perioden. Petter var den fyrste formannen i Vågå spelmannslag (1952–53). Han var også leiar i Lalm spelmannslag ei stund. I yrkeslivet arbeidde Petter i billaget i Ottadalen både som sjåfør og på kontor. Petter var også praktisk av seg, og blant anna laga han feler.

Petter var ein meisterspelmann. Han førte vidare den store spelmannsarven han fekk på ein truverdig og flott måte, og musikaliteten hans farga av ein god tone og klang gjer han til ein av dei store spelmennene i Vågå og på Lalm. Petter var heiderslagsmedlem i Vågå spelmannslag.

OLA OPHEIM (1920–2003)

I si levetid var det knapt andre spelemenn frå Vågå som nådde så langt ut med musikken sin som Ola Opheim. Han hadde ein eldre bror, Arnfinn, som også var ein svært dugande utøvar. Ola lærde av mange andre spelemenn i Vågå, Oskar Gården, Hjalmar Moen, Ola Nystugun, Ola Svare og andre. Faren, Knut, var småbrukar i Skogbygda og mor, Liv Vangen, kom frå Hallingdal. Ola arbeidde som snikkar i mange år før han vart tilsett ved OKB-verkstaden i Vågå. Han arbeidde også som verkmeister i Fåvang ei tid, men avslutta arbeidslivet sitt i heimbygda.

Saman med trekkspelaren Oddvar Nygaard (1919–1985) frå Sør-Fron

vart Ola kjent over heile landet frå tidleg på 1960-talet og i fleire tiår framover. Han spelte også saman med andre ei tid, mellom dei var trekkspelaren Bjarne Lien frå Romsdal. Det førte nok til at dansemusikaren for det store publikum vart meir påakta enn slåttemusikaren. Men Ola Opheim var også ein framstående tradisjonsberar. Han var aktiv mellom anna på kappleikar og vann fele klasse A på Landskappleiken i 1963. Han gjorde i fleire år eit omfattande arbeid som innsamlar. Han komponerte også fleire slåttar som er i bruk i dag. For eit større publikum vart han likevel spelmannen – med sitt kveke vesen og si friske, eggjande dansetak med det personlege preget han sette på slåttane. Få kunne skape liv på dansefestane som Ola Opheim. Han var også mellom dei 100 dølane som vart presentert i boka *Århundredes døler* (GD, 1999). Ola Opheim fekk fleire prisar for felespelet sitt, mellom anna Kulturprisen for Gudbrandsdalen (1965), Gudbrandsdal Sparebanks innsatspris (1983) og Kongens fortjenestemedalje same året. I 1983 vart han også heidersmedlem i Landslaget for spelemenn (FolkOrg).

HANS H. HOLEN (1930–2011)

Han var frå Skogbygda i Vågå og hadde spelmannsblod i årene, da ein ætling var Aslak Holen, ofte kalla «Gammel-Holin» (1749–1838). Oldefaren var Ola Toresen Nestgard (1805–1885), eigentleg frå Dovre. Andre sentrale kjelder for Hans H. Holen er mora Kari f. Skjedsvold og onkelen Ola J. Skjedsvold (1900–82).

Hans nådde vidt ut med musikken sin gjennom fleire radioprogram og plateinnspelningar, og han vart ikkje minst kjent som felespelar i Arne Bergets kvartett i 17 år. Han oppsøkte fleire eldre kjelder og lærde direkte frå desse, mellom dei Pål Andersen Lien og andre. Dette var

både spelmann og folk som hulla, song og fortalde, så han gjorde eit viktig innsamlingsarbeid.

Hans H. Holen hadde mange roller i si levetid, lærar, musikk lærar, handelsmann, politisk, men det er ikkje minst som spelmann han blir hugsa. Hans H. Holen var mykje nytta som pedagog både i heimbygda Vågå, og han engasjerte seg for folkemusikken i fleire bygder. Han var i mange år leiar av Otta spelmannslag i tillegg til å drive opplæring i heimbygda. Han var i det heile ein god talsmann for god folkeleg musikk- og kulturtradisjon. Hans H. Holen likte også å syngje, og han gjorde over fleire år mange notenedteikningar, og delar av dette stoffet gav han ut til bruk i skuleverket, til dømes boka *Folkemusikk i skulestova* (1979). Hans H. Holen vann Landskappleiken i 1974 og vart utnemnd heidersmedlem i Landslaget for spelemenn (FolkOrg) i 1985.

/Rolv Brimi, Ola Grøsland og Rasmus Stauri

Kjelder

Knut Kjøk: *Slåtte og leikje* 2012, bind 1–6.
Mathias Øvsteng: *Vågå Spel- og Dansarlag 1952–1992. Årbok for Gudbrandsdalen*, 1984 og 1994.
Folkemusikk og folkemusikkutøvarar i Norge, 1996.
Munnleg kjelde: Stein Holen.
Tidlegare radioprogram med Hans H. Holen og Ola Grøsland.

SLÅTTEOMTALE

PER BRENDEN

01. Springleik etter Iva Bråtå (1952)

Denne har vore omtykt blant spelmenn i Ottadalsbygdene og er ofte sett i samband med Fel-Jakup. I Bøverdalen har springleiken fått namnet «Vet-Hagjen».

02. Springleik etter Iva Bråtå (1952)

Vi kjenner denne berre i tradisjon frå Lalm. Oppbygginga er noko uvanleg med eit kort fyrstevek.

03. Feier etter Iva Bråtå (1954)

04. Brurmarsj (1952)

Kjent marsj i heile Gudbrandsdalen, men ofte spelt i ein annan toneart.

05. Springleik etter Iva Bråtå (1954)

Typisk Lalm-leik som er ukjent elles i Ottadalen.

06. Springleik etter Iva Bråtå (1952)

Denne er særleg spelt i Vågå i ulike former. «Valbjørstykkjin» blir han ofte kalla.

07. Polkett etter Iva Bråtå (1954)

08. Springleik etter Hans Teigplassen (1952)

Heller lite brukt springleik i Ottadalen, men er kjent på Fron.

09. Firetur etter Iva Bråtå (1952)

Mykje brukt leik under ulike namn i mange bygdelag, men mest kalla vals.

OLA EIDE

10. Sinclairslåtten (1954)

Ein av mange som tradisjonen set i samband med slaget i Kringen i 1612, der ein skotsk leigetropp vart nedkjempa av bønder frå Midt-og Nord-Gudbrandsdalen.

11. Annonsering ved Ola Eide (1958)

12. Dansar-Eli, springleik (1958)

Ein mykje brukt springleik, dels kalla «Slettmoin» etter Hans Slettmo i Heidal. Dansar-Eli var ei kvinne frå Heidal, som Ivar Kleiven skriv om. Ho var heilt dansegal og forsørte omsorg for barn og arbeid for å koma på dansefestar.

13. Vals etter Hans Slettmo (1954)

Mykje brukt vals, ofte kalla «Finnjenta» i Garmo.

14. Jakup Lom, springleik (1958)

Ein av fleire som er namna etter Jakup.



Rolf Myklebust frå NRK intervjuar Ola Eide

FOTOGRAF UKJENT, NRK

15. Malekaken, halling (1952)

Ei herme er knytt til denne leiken: «Det er malekaken detta, sa o Tull-Guri, ho skull' seia salmaker'n». Herma er sett i samband med spelmanen Lars Ivarsson Vangsbakken (1832-) frå Skjåk. Han er mest kjent for å ha laga falske pengar og reiste seinare til Amerika. Leiken, som au blir kalla «Malekaku», har tydeleg slektingar blant anna i Krødsherad.

16. Annonsering ved Ola Eide (1960)

17. Springleik etter Ola Bråtå (1960)

Eit meir brukt namn på felestillet AEAE er solongstille (truleg av ung sol) eller trollstille.

18. Spakroleiken, springleik (1965)

Felestillet GDAD (nedstilt kvint) blir gjerne kalla Spakrostille, og leiken blir òg kalla «Åttande leiken» på Lalm. Namnet er knytt til ein Stor-Tor Kleppe som kunne rekne berre til åtte, og den niande leiken vart da «Den der nest».

19. Gjermundhallingen (1952)

Mykje brukt halling på eit uvanleg felestille ADFissE.

20. Malisa-Knut, springleik (1965)

Springleiken er brukt i fleire delar av landet og har tydeleg likskap med dei såkalla Vrengjene i Valdres. Det spesielle namnet sa Ola Eide kom seg frå ein spelman frå Høland som var i bygdene her. Henrik Wergeland skriv om «den berygtede Malicerknuds Violin», så dette kan vera same personen.

PETTER EIDE

21. **Vals etter Hans Slettmo (1965)**
Leiken er ofte kalla «Rønnaug Ripstrond» i Vågå og Garmo.
22. **Annonsering ved Petter Eide (1965)**
23. **Pål Oksel'n, springleik (1965)**
Leiken har fått namnet etter stordansaren Pål Åmillom (fødd i Oksli) (1842–1925) i Lom.
24. **Springleik etter Ola Bråtå (1965)**
På Lalm hadde dei ein serie med slåttar i tredje og andre posisjon. Når to spelte saman, vart det gjerne grovt og grant, eller «uppi» og «ni», som det var sagt. Ein av fleire i posisjon.
25. **Vals etter Ola Bråtå (1962)**
Ein av fleire valsar i B-dur som er brukte på Lalm.
26. **Springleik etter Ola Skaar (1958)**
Typisk Lalmleik med tre tre vek.
27. **Springleik etter Fel-Jakup (1958)**
Leiken er kalla «Vigstadmogleda» i Lom og Skjåk.
28. **Vals etter Ola Bråtå (1965)**
Sjeldan vals i tredje posisjon. Ola Bråtå let gjerne denne for å roe ned att etter ei springleikkule med posisjonsleikar.
29. **Storhallingen has Fel-Jakup (1958)**
Ein av fleire mektige l hallingar som er knytt til Fel-Jakup.

OLA OPHEIM

30. **Annonsering ved Ola Opheim (1956)**
31. **Brø`køynnleiken, vals (1956)**
Storfelt vals som er brukt både i Norge og Sverige. Dette spesielle namnet fekk valsen etter at bonden på ein Kvarberg-gard bad Ola J. Ringnes låte valsen mot å få ei skjeppe (17,4 l) brødkorn. «Bror åt storvalsen» er eit vanleg namn i Lom og Skjåk.
32. **Springleik etter Hans Nettet (1971)**
Lokal leik som ikkje er kjent andre stader.
33. **Pillar-Guri-halling (1970)**
Opptak: Norsk folkemusikksamling, Nasjonalbiblioteket.
Ein av fleire som i tradisjonen er knytt til slaget i Kringen i 1612.

34. **Skotsk etter Ola Kampen (1970)**
Opptak: Norsk folkemusikksamling, Nasjonalbiblioteket.
Leiken har mest vore brukt på torader.
35. **Springleik etter Ola Ringnes (1951)**
Eit vanleg namn i Vågå er «N'Eina Kveen» og er knytt til ein spelmann som skulle vera ein meister til å låte springleik, Einar Kveen (1854–1939).
36. **Gamel-Steinin, springleik (1964)**
Same leiken er på cd-ane frå Lom (TA 139) og Skjåk (TA 150) og har namna «Springleiken hena Torø Grasdalsmoen og «Gamel-Vika».
37. **Vals etter Ola Ringnes (1956)**
38. **Halling etter Karl Fant (1954)**
Leiken er kjent i fleire delar av det sørlege Noreg.

HANS H. HOLEN

39. **Annonsering ved Hans H. Holen (1972)**
40. **Bestemor, springleik (1972)**
Ein av fleire springleikar som ber dette namnet i Ottadalen.
41. **Eldhusleiken, vals (1972)**
Ei historie ligg bak dette spesielle namnet: Ågot (uttala Auggåt) var fødd 1791 på Helle og vart gift åt Råstad. Ho skulle vera uvanleg musikalsk. Ein gong Nestgard'n (Ola Toresen Nestgard) skulle på gjestebodslåting gjekk han gjennom tunet på Råstad. Han såg det rauk i eldhuset og gjekk inn. Der sat Ågot og baka rumbrod. Nestgard'n tykte det var for gale at han ikkje hadde ein ny leik til bryllaupet. Og slik gjekk det til at desse to laga denne valsen der i eldhuset.
42. **Springleik etter Pål Kolstad (1972)**
Sjeldan leik som Hans lærde etter hulling av mora. Pål Kolstad (1847–1929) frå Lalm var storspelmann.
43. **Skotsk og vals (1972)**
Denne kombinasjonen var iblant brukt til dans for å skapa liv og variasjon på festane.
44. **Springleik etter Iva Bråtå (1972)**
Leiken går på oppstilt ters og bas og er au kjent i ei anna form på Lalm.

45. **Toftemoen, vals (1974)**
Storfelt vals som Hans ofte brukte, mellom anna på kappleikar. Opptaket er frå Landskappleiken på Oppdal i 1974, der han vann klasse A.
46. **Dråpåleiken, halling (1965)**
Ein av fleire leikje som har fått dette namnet. Den same blir au spelt som skotsk eller polka. Hans lærde denne hallingen etter hulling av Pål Andersen Lien.
47. **Annonsering ved Hans H. Holen (1977)**
48. **Reinlender etter Johan Bråtå (1977)**
Typisk vandreleik som er kjent fleire stader.

OM OPPTAKA:

Opptak ved Rolf Myklebust, NRK:
Spor 03, 05, 07, 10, 13: 29.04.1954, Lalm.
Spor 01–02, 04, 06, 08-09, 15,19: 07.06.1952, Skulehuset på Lalm.
Spor 11–12, 14, 26–27, 29: 31.05.1958, Sundstugu, Vågå.
Spor 16–17: 28.05.1960, Jutulheimen, Vågå.
Spor 18, 20–24, 28: 05.09.1965, Lalm.
Spor 25: 27.05.1962, Lalm samfunnshus.
Spor 30–31, 37: 03.12.1956, NRK Studio, Marientlyst, Oslo.
Spor 32: 16.02.1971, NRK Studio, Marientlyst, Oslo.
Spor 35: 29.09.1951.
Spor 36: 25.01.1964, NRK Studio, Marientlyst, Oslo.
Spor 38: 28.04.1954, Valbjørg gård, Vågå.
Spor 40–44: 07.05.1972, Jutulheimen, Vågå.
Spor 45: 22.06.1974, Landskappleiken, Oppdal.
Spor 46: 29.11.1965, Jutulheimen, Vågå.
Spor 47–48: 23.02.1977, NRK Studio, Marientlyst, Oslo
Opptak ved Sven Nyhus, Norsk Folkemusikksamling, Nasjonalbiblioteket:
Spor 33–34: 23.01.1970, Vågå.

TUNE PLAYING IN VÅGÅ



Lalmsvatnet

FOTO: MATHIAS ØVSTENG

From 1908, the large municipality of Vågå was divided into three: Sel, Heidal and Vågå. There has therefore been a lot of contact and communication within this area, something that has also left clear marks on the tunes from the area. Blind-Marit from Nord-Sel, Hans Slettmo and Hans Arneson Vineshaugen from Heidal are fiddlers many tunes are connected to, in particular amongst fiddlers from Lalm.

The oldest fiddlers who are mentioned in connection with leikje (tunes), are Aslak Holen (1749–1838), often called Gamel-Holin, from Skogbygda in Vågå, and Ola Sjugurdson Skaar (1773–1863), often called Spelmanns-Skårin. Both were leasehold fiddlers, meaning that they had a monopoly on dance playing within a certain area in return for paying a fee.

Of the next generation, Ola Ringneset (1811–1902) from between Vågåmo and Tessand and Iva Bråtå (1827–1916) from Lalm, are particularly central to the tradition. Ringnesin was known as an unparalleled dance fiddler and knew many springleiks in various fiddle tunings. Iva Bråtå was a main source for Ole Mørk Sandvik (1875–1976) in his collection of tunes from Gudbrandsdalen entitled "Folke-musik i Gudbrands-

dalen" (1919). That traditional music is particularly linked to kin, is evidenced by the following: an uncle of Ola Ringneset was Ole Olsen Ringneset (1789–1876), often called Ringnes-Bråtein because he came to Bråtå in Lalm. He was the grandfather of Ola Bråtå (1844–1923), who was the father of Ola Skogheim (1881–1966) and grandfather of the Eide brothers, Ola, Pål and Petter.

Oral tradition tells that these Bråtå-fiddlers, who were not closely related, had different styles and musical focus. Ola was the lively dance fiddler with simpler forms, whereas Iva had a more detailed, internal style, more of a "fine player". Otherwise Iva Bråtå was very influenced by "Loms-fiddlers", ie Fel-Jakup (1821–1876), Rolv Gaupar and Jo Kjøkje. The latter two were born in 1824, and both travelled to America. This is another reason why there are so many tunes in common in Lom, Skjåk and Vågå, and in particular in Lalm.

Ola Toresen Nestegard (1805–1885) was from Dovre and settled in Skogbygda in Vågå. He was an important source for fiddlers in this part of the village. He was the great-grandfather of Hans H. Holen.

There are many leikje in common between Lalm and the Northern

part, that is to say the western hamlets, of the village, ie Skogbygda, but the players we have recordings of display some stylistic variety. Faster and more even pulse in the North, more use of positions in Lalm. A series of springleikar are played in third position, and occasionally in second position. When two fiddlers play together for dancing, generally one would play 'up' and the other would play 'down'. This way of playing is also called grovt og grant, where there is an octave in between. It is also noticeable that the older fiddlers coloured the tunes via the use of old tonality; you just need to listen to the playing of Per Brenden.

Traditional music also mirrors the class differences. In Vågå, they had high-ranking officials as well as peasant aristocracy. There was so-called 'string music' right from the 1880s, and these musicians had both a style and a repertoire that befitted the social upper class, and accordingly a somewhat more classical way of playing. Alongside the old springleiks, hallings and marches are thus a good deal of set dances like firur and fandango. A fiddler like Iva Bråtå, who could read music, knew a number of set dances and played at parties for the upper class. In other words, there was somewhat of a class differentiation in folk music too.

THE FIDDLERS ON THIS CD

PER BRENDEN (1886–1963)

He was from Brennun in Lalm and made his living as a carpenter. Per began to play the fiddle at the age of eight. His brother Iver, who was five years older, was also a fiddler, and the two brothers played a lot together in several villages, not least at weddings. His first mentor was Ola Bråtå, but it was Iva Bråtå (1827–1916) in particular who was his major inspiration and source. Iva knew a lot of tunes, but wasn't always so easy to learn from. He had a reputation for being meticulous and contrary. Iva stayed mostly on the mountain farm at Bøneslia, and Per worked at the hay-making in exchange for learning tunes. The agreement was two tunes for each working day. He was strict with his student, something this remark testifies: "You'd better learn to play the tune correctly. You'd better not go out in the village and play it wrongly – and then say you learnt it from me."

Yet, Per was patient and learnt a lot from Iva, in particular springleiks, waltzes and assorted turdansar. Per was certainly not contrary and willingly taught the younger generation, amongst them the Skogum brothers and the Eide boys. He is one of the main sources of tunes in Vågå. Even though Per played a lot for dancing at one time, this was not the kind of playing he enjoyed the most. His playing is more delicate and introverted, with attention to detail and small variations. This is how Iver Ryen describes him in Årbok for Gudbrandsdalen (1964): "Music gave him deep joy. And Per played without thinking about monetary gain. Whether he was alone or together with others was one and the same for him. He played for the sake of playing." As well as being an exceptional fiddler, he also made fiddles, both for himself and for others.

Per was involved in founding Vågåmo Spelmannslag in 1954 and was one of the instructors the first few years. In 1961, the society was divided and Per went with the new group, Lalm Spelmannslag. He is an honorary member of Vågå Spelmannslag and Landslaget for Spelemenn (FolkOrg).

OLA EIDE (1901–1983)

The family of the Eide brothers, Ola and Petter, came to Lalm from Sel in 1905 because their father bought the farm 'Eide'. Here they grew up as part of a flock of six siblings. Folk music in Lalm was rich, and Ola and Petter, together with their brother Pål, put their own stamp on it. There were many fiddlers here, and their grandfather Ola Bråtå (1844–1923) and uncle Ola Skogheim (1881–1966) were notable fiddlers and were the boys' mentors and ideal. Later, Per Brenden (1886–1963) was also an important source of tunes for the Eide brothers. Ola and his brother Pål played a lot for dancing at one time, and they had also learnt to play accompaniment and harmony voices. Their grandfather was friends with the musician Anders Sørensen (1822–1896) and probably learnt how to accompany and play harmonies from him. This is how the Eide brothers inherited this musical knowledge.

Ola was a distinctive fiddler, who knew a huge amount of tunes.

He liked playing in several different tunings. Gjermundhallingen is one such tune and is one of Ola's gems, and many fiddlers cite him as their source for this great halling. Ola was known for his old-fashioned and steadfast tonality, and Ola liked to tune his fiddle below normal concert pitch. Altogether, this gave a wonderfully warm and colourful timbre, which was a distinguishing characteristic of his playing. Ola participated in many kappleiks, and always had a varied and good choice of tunes. At one point, he also took part in kappleiks on Hardanger fiddle. Ola was also a skilled fiddle maker and was known for his fiddles in the folk music scene. He made around 200 fiddles, and several of them are used by fiddlers today. Ola's fiddle-making tools were exhibited in Jutulheimen village museum in 2014. He became an honorary member of Landslaget for Spelemenn (FolkOrg) for his work with folk music.

PETTER EIDE (1911–1994)

Petter Eide was 10 years younger than his brother Ola, and first started to become known as a fiddler after the war. He became active both in the folk music scene in his home village and as a fiddler at kappleiks. Petter won the A class for fiddle at the Landskappleik twice: in Bergen in 1952 and at Nesbyen in 1961. In 1951, Petter recorded tunes for NRK for the first time and, up until the early 1980s, he probably did around 100 recordings. He could regularly be heard on the radio programme Folkemusikkhalvtimen during this period. Petter was the first chairman of Vågå Spelmannslag (1952–1953). He was also the leader of Lalm Spelmannslag for a while. In his work life, Petter worked in the transport company in Ottadalen, both as a driver and in the office. Petter was also a practical man and, amongst others, he made fiddles.

Petter was a master fiddler. He carried forward the great fiddle legacy he received in a credible and wonderful way, and his musicality, coloured by good tone and timbre, makes him one of the great fiddlers in Vågå and Lalm. Petter was an honorary member of Vågå Spelmannslag.

OLA OPHEIM (1920–2003)

In his lifetime, there were hardly any other fiddlers from Vågå who reached out as far with their music as Ola Opheim did. He had an older brother, Arnfinn, who was also a very capable performer. Ola learnt from many other fiddlers in Vågå: Oskar Gården, Hjalmar Moen, Ola Nystugun, Ola Svare and others. His father, Knut, was a smallholder in Skogbygda and his mother, Liv Vangen, came from Hallingdal. Ola worked as a carpenter for many years before being employed at OKB-Verkstaden in Vågå. He also worked as a plant manager at Fåvang for a while, but concluded his working life in his home village.

Together with the accordionist Oddvar Nygaard (1919–1985) from Sør-Fron, Ola became well-known throughout the country for several decades, starting in the early 1960s. He also played together with others at one point; among them was the accordionist Bjarne Lien from

Romsdal. This resulted in him being more known to the general public as a dance fiddler rather than as an old-fashioned tunes player. But Ola Opheim was also a prominent tradition bearer. He was active, amongst other things, at kappleiks, and won the A class in fiddle at Landskappleiken. For several years, he did extensive work as a collector. He also composed several tunes which are used nowadays. To a bigger audience, he was nonetheless the fiddler, with his lively presence and his energetic and exciting dance rhythms, combined with his personal touches to the tunes. Few could bring life to a dance party like Ola Opheim. He was also among the 100 people from Gudbrandsdalen who were presented in the book Århundredes døler (Gudbrandsdal people of the century) (GD, 1999). Ola Opheim gained several prizes for his fiddling, amongst others the Culture Award for Gudbrandsdalen (1965), Gudbrandsdalslågen Sparebanks effort award (1983) and the King's Medal of Merit the same year. In 1983, he became an honorary member of Landslaget for Spelemenn (FolkOrg).

HANS H. HOLEN (1930–2011)

He was from Skogbygda in Vågå and had fiddlers' blood in his veins, as a relative of his was Aslak Holen, often called the "Gammel-Holin" (1749–1838). His grandfather was Ola Tøresen Nestgard (1805–1885), actually from Dovre. Other key sources for Hans H. Holen are his mother, Kari F. Skjedsvold, and his uncle, Ola J. Skjedsvold (1900–1982).

Hans' music reached far and wide as a result of several radio programmes and album recordings, and he was not least known as a fiddler in Arne Berget's quartet for 17 years. He sought out several older sources and learnt directly from these, among them Pål Andersen Lien and others. His sources included both fiddlers and people who diddled, sang and told tales alike, so he was an important collector as well.

Hans H. Holen had many roles in his lifetime – teacher, music teacher, businessman, politician – but it is as a fiddler that he is remembered. Hans H. Holen taught a lot both in his home village of Vågå, and he was involved in folk music in several villages. He was the leader of Otta Spelmannslag for many years, in addition to teaching in his home village. He was in general an advocate for good folk music and traditional culture. Hans H. Holen also enjoyed singing and, over several years, made many transcriptions; he published some of them for use in schools, i.e. the book "Folkemusikk i skulestova" (1979). Hans H. Holen won Landskappleiken in 1974 and was appointed honorary member of Landslaget for Spelemenn (FolkOrg) in 1985.



Per Brenden (fele):

01. Springleik etter Iva Bråtå (01:35)
02. Springleik etter Iva Bråtå (01:06)
03. Feier etter Iva Bråtå (01:16)
04. Brurmarsj (01:55)
05. Springleik etter Iva Bråtå (01:28)
06. Springleik etter Iva Bråtå (01:28)
07. Polkett etter Iva Bråtå (01:54)
08. Springleik etter Hans Teigplassen (01:19)
09. Firetur etter Iva Bråtå (01:03)

Ola Eide (fele):

10. Sinclairslått (01:20)
11. Annonsering ved Ola Eide (00:13)
12. Dansar-Eli, springleik (01:48)
13. Vals etter Hans Slettmo (01:45)
14. Jakup Lom, springleik (02:03)
15. Malekaken, halling (01:33)
16. Annonsering ved Ola Eide (00:30)
17. Springleik etter Ola Bråtå (01:18)
18. Spakroleiken, springleik (01:07)
19. Gjermundhallingen (01:44)
20. Malisa-Knut, springleik (01:08)

Petter Eide (fele):

21. Vals etter Hans Slettmo (01:02)
22. Annonsering ved Petter Eide (00:08)
23. Pål Oksel`n, springleik (01:21)
24. Springleik etter Ola Bråtå (01:23)
25. Vals etter Ola Bråtå (01:02)
26. Springleik etter Ola Skaar (01:44)
27. Springleik etter Fel-Jakup (01:20)
28. Vals etter Ola Bråtå (02:03)
29. Storhallingen has Fel-Jakup (01:58)

Ola Opheim (fele):

30. Annonsering ved Ola Opheim (00:05)
31. Brø`køynnleiken, vals (02:51)
32. Springleik etter Hans Nesset (01:38)
33. Pillar-Guri-halling (01:56)
34. Skotsk etter Ola Kampen (01:53)
35. Springleik etter Ola Ringnes (02:19)
36. Gamel-Steinin, springleik (02:07)
37. Vals etter Ola Ringnes (02:11)
38. Halling etter Karl fant (01:48)

Hans H. Holen (fele):

39. Annonsering ved Hans H. Holen (00:06)
40. Bestemor, springleik (01:29)
41. Eldhusleiken, vals (01:05)
42. Springleik etter Pål Kolstad (01:25)
43. Skotsk og vals (01:12)
44. Springleik etter Iva Bråtå (01:23)
45. Toftemoin, vals (01:41)
46. Dråpåleiken, halling (01:13)
47. Annonsering ved Hans H. Holen (00:30)
48. Reinlender etter Johan Bråtå (02:00)

(totaltid: 70:29)